

**KONTROLLUTVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 18.11. 2013, kl.14.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Jan Arild Lied, Svein Værnes, Gunnvor Reistad Aannø og varamedlem Per Sortehaug

= 5 voterande

Marianne Molvær hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen,

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 09/13**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 6. MAI 2013**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 6. mai 2013 blir godkjent.

**SAK 10/13**

**BUDSJETTKONTROLL 2. TERTIAL 2013**

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 11/13**  
**VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - SULA KONTROLLUTVAL**

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Budsjettet for kontrollutvalet sin opplærings- og reiseaktivitet blir sett til 60.000 kroner.

**SAK 12/13**  
**EVENTUELL GJENNOMGANG AV TEMA FRÅ UTVALA SINE MØTEBØKER**

Saksdokument datert 31.10.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Eit tema som kom opp var innleigd konsulentarbeid generelt og konsulentarbeid knytt til prosjektering av bygg og anlegg spesielt. Ved nybygg er konsulentarbeid ved prosjektering ein del av byggesummen og det vart stilt spørsmål om slike konsulentoppdrag blir behandla i kommunestyret. Det vart også stilt spørsmål om konsulentarbeid blir lyst ut for konkurranse i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalsekretariatet sender eit brev til rådmannen for å få temaet avklart.

**SAK 13/13**  
**STATUS FORVALTNINGSREVISJON, JF. SAK 07/13 - ORIENTERINGSSAK**

Saka hadde utgangspunkt i vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Det vart også stilt spørsmål om selskapskontroll/forvaltningsrevisjon av ÅRIM og selskapskontroll av Sula Bedriftsteneste AS. Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte. Når det gjeld forvaltningsrevisjon av byggesaker er informasjonsinnhentinga ferdig. Eit rapportutkast vil bli sendt på høyring og det blir teke sikte på behandling av rapporten i kontrollutvalet i februar. Selskapskontroll er ikkje påbegynt.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 14/13**  
**DRØFTING AV TEMA FOR SAKER SOM KAN KOMME**

Etter initiativ frå leiar tok Per Sortehaug som er medlem av takstnemnda opp rutinar for oppgjer ved kjøp og sal av eigedom. Han meinte det i enkelte tilfelle mangla økonomisk oppgjer og var interessert i kva rutinar kommunen hadde på dette området.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollualsekretariatet sender brev til rådmannen for å innhenta rutinebeskrivelsar på området.

**SAK 15/13**

**STATUSRAPPORT OM TIDLEGARE BEHANDLA**

**FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM SJUKEFRVÆR** (Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Det blir sendt brev til rådmannen med forespørsel om oppfølging av denne rapporten.

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

Jan Arild Lied  
nestleiar  
(sign.)

Svein Værnes  
medlem  
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø  
medlem  
(sign.)

Per Sortehaug  
varamedlem  
(sign.)